

Sogn og Fjordane Avisforeining
-distriktsforeining under Mediebedriftenes Landsforbund

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO
postmottak@kud.dep.no

Stryn 09.01.2014

Høyringsuttale om forslag til endringar i forskrift om produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedier.

Vi viser til høyringsbrev datert 2. desember 2013.

Sogn og Fjordane Avisforeining representerer åtte lokalaviser fordelt på fire i Nordfjord, to i Sunnfjord og to i Sogn. Tre av desse avisene, Firdaposten i Florø, Fjordenes Tidende i Måløy og Fjordingen i Stryn, har eit opplag på mellom 4.000 og 6.000, og vil bli råka av forslaget om å senke opplagsgrensa for å kunne få pressestøtte frå 6.000 til 4.000 for aviser som er nummer ein eller åleine på sine utgjevarstader.

Om konkurransesituasjonen med andre medium:

Regjeringa nyttar uttrykket «nummer ein eller medier som er åleine» i sine område. Om ein ser isolert på tal abonnementsaviser som kjem ut i sine geografisk avgrensa distrikt, kan ein nytte slike uttrykk. Den reelle situasjonen er derimot ein heilt annan. Om dei avisene i Sogn og Fjordane som er i faresona for å miste pressestøtte er åleine i sine byar og tettstader, er alle tre avisene i ein stadig meir utfordrande konkurransesituasjon. Blant mediehusa er NRK Sogn og Fjordane den største konkurrenten om lesarane si tid på å konsumere nyhende. Den lisensfinansierte statskanalen har den desidert største redaksjonen i fylket og er særleg ein stor konkurrent på Internett.

Regionavisene Bergens Tidende og Sunnmørsposten er og konkurrentar på enkeltsaker, sjølv om dei er lokalisert langt unna.

Dei siste åra har det og kome til fleire gratisaviser som konkurrerer både om lesarane og ikkje minst annonsekronene i våre nedslagsfelt. Nokre av desse er fylkesdekkjande, andre går og over fylkesgrensa. Nokre kjem ut berre på papir, andre både på papir og digitalt. Ikkje alle driv si verksemd etter redaktørplakaten.

Sosiale media er den nyaste konkurrenten om folk si tid på å konsumere nyheiter. Sosiale media utviklar seg raskt, og er etter kvart og inne på annonsemarknaden. Lokalaviser som kjem ut åleine på sine utgjevarstader er difor langt frå åleine i sin marknad.

Kvifor oppretthalde lokalaviser:

Sogn og Fjordane har truleg det mest aktive og kvalitativt eitt av dei betre distriktskontora i NRK. På same måte som NRK først og fremst har fylkesfokus, kjem Sunnmørsposten og Bergens Tidende inn i same område med regionfokus.

I dette bildet har lokalavisene ein sær viktig rolle i å bidra til eit mediemangfald som sikrar at interessene i og for mindre geografiske område vert ivaretekne. Lokalavisene er nærast sine innbyggjarar, har størst innsikt i lokale saker og har ein viktig rolle i å gje innbyggjarar og lokalpolitikarar debattarenaer samt vere talerør.

Sogn og Fjordane har hatt og har pågåande mange viktige saker der fylkesdekkjande medium ikkje nødvendigvis ivaretek dei mindre geografiske områda sine interesser. Døme på slike saker den siste tida er blant anna: Innhald og lokalisering av lokalsjukehus, lokalisering og innhald ved dei vidaregåande skulane i fylket og traséval for ein ferjefri E39.

I desse og mange andre saker spelar lokalavisene ein svært viktig rolle som talerør i og for lokaldemokratiet.

Økonomien i lokalavisene:

Økonomien i mange av lokalavisene har gjennom åra vore grei. Dei siste åra er situasjonen blitt stadig meir utfordrande, og fleire aviser både i Sogn og Fjordane og andre stader ville gått og vil gå med underskot dersom pressestøtta fell bort.

Lokalavisene til liks med større aviser er inne i ei krevjande brytningstid der ein nødvendig satsing på digitale produkt kostar mykje i form av pengar og ressursar. Satsinga på digitale utgåver skjer parallelt med satsinga på framleis sterke papirprodukt. Dette skjer i ei tid der tal papirabonntar går ned og det vert meir krevjande å hente annonsekroner.

I dette bildet er oppretthalding av pressestøtta viktig for at avisene skal kunne halde fram med den journalistiske kvalitet og kvantitet som trengst for å hevde seg i ein stadig tøffare marknad. Utan den økonomisk tryggleik pressestøtta gir, vil tal journalistiske årsverk i avisene raskt kunne bli sett under press. I ein slik situasjon vert det vanskeleg for nokre, umogleg for andre, å ivareta si viktige rolle som lokalt talerør, debattarena og premissleverandør for saker som handlar om folk sin kvardag ute i dei enkelte lokalsamfunn.

Nynorsk:

Med unntak av Fjordenes Tidende som er tospråkleg, vert alle lokalavisene i Sogn og Fjordane redigerte på nynorsk. Det å oppretthalde pressestøtta vil bidra til å sikre eit mangfald også blant nynorskavisene.

Konklusjon

Sogn og Fjordane Avisforeining er sterkt usamd i forslaget om å senke opplagsgrensa for å kunne motta pressestøtte. Forslaget kjem på eit tidspunkt der mediebransjen generelt og lokalaviser spesielt har store utfordringar i forhold til den digitale transformasjonen. Bortfall av pressestøtte vil råke eit mediemangfald som er viktig for lokaldemokratiet. Vi oppmodar regjeringa om å halde fram ordninga med økonomiske verkemiddel for å ivareta ein differensiert presse.

Med venleg helsing



Bengt Flaten

Leiar Sogn og Fjordane Avisforeining